

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
095/2016	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/1910	16/13616

### Høyringsuttale - Organisering av eigedomsoppmålinga. Forslag til endringar i matrikkellova mv.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har på oppdrag frå Stortinget (vedtak 3. mars 2016) utarbeidd eit høyringsnotat med framlegg til endringar i matrikkellova av 17. juni 2005.

Framlegget er sendt ut 19. 08.2016, med høyringsfrist 21. 11.2016.

Bakgrunnen for høyringsframlegget var eit politisk innspel om at regjeringa skulle utgreia ei sak om oppheving av det kommunale ansvaret for eigedomsoppmåling. Grunngevinga var m.a. at gebyra varierer stort frå kommune til kommune, lang ventetid på tenesta og at ein ønskjer eit skilja mellom mynde (vedtak etter plan- og bygningslova) og tenesteproduksjon.

Nærare informasjon om bakgrunn og oversikt over KMD sine endringsforslag kjem fram av vedlagte høyringsuttale.

#### Vurdering

Rådmannen vurderer at høyringsframlegget til privatisering av oppmålingstenesta ikkje vil få den positive effekten som KMD legg opp til, tvert imot vil endringane føra til auke i kostnader og tap av tid i handsaminga. Oppmålingstenesta er del av eit omfattande system og krev mykje forarbeid og undersøkingar, som skal sikra ein forsvarleg prosess og samstundes ivareta partane sine rettar. Detaljert gjennomgang av fasene i ei oppmålings sak, og overgangen mellom dei, er illustrert i høyringsuttalen som ligg vedlagt saka.

Lovendringa inneber eit skifte av aktørar i prosessen mellom kommune, privat firma og staten. Det er vanskeleg å sjå at dette kan gje verken effektiv saksflyt eller ei forenkla samordning. Rådmannen kan ikkje sjå at ei endring som gjer det dyrare og meir tidkrevjande for grunneigarane å få målt opp ein eigedom, er rett veg å gå. Dagens ordning med kommunal teneste og mynde for eigedomsmåling fungerer godt og bør halda fram som den er. Fokuset framover bør vera på kvalitetsforbetring og ferdiggjering av register. Då særleg matrikkelen, som er ein av dei viktigaste grunnsteinane i ei ny digital og moderne offentleg forvaltning. Skal ein lukkast med dette er lokalkunnskap, ein nøytral person, ein offentlig etat og ei einsarta klageordning avgjerande.

#### Konklusjon

Med bakgrunn i vurderingane i vedlagte høyringsnotat rår rådmannen i frå at KMD sitt framlegg vert vedteke. Samstundes er rådet at dagens ordning for eigedomsoppmåling vert vidareført og styrka.

Krav til kompetanse er positivt og bør utgreiast vidare i samarbeid med utdanningsinstitusjonane. Det bør etablerast ein nasjonal standard for gebyr i oppmålingssaker.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet i Radøy kommune rår ifrå at matrikkellova vert endra slik det går fram av høyringsframlegget sendt ut 19.08.2016 frå KMD. Høyringsnotat datert 27.10.2016 er kommunen sitt høyringssvar i saka, saman med saksutgreiinga.

#### **Formannskapet i Radøy - 095/2016**

##### **FS - handsaming:**

Rådmann Jarle Landås orienterte og sa at det vil vera eit tap for Radøy kommune å mista denne kompetansen med kommunal landmålar. Han peika på dette er ein kompetanse som blir brukt på fleire måtar innanfor teknisk forvaltning. Det er også ein styrke med lokalkunnskap i denne stillinga. Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **FS - vedtak:**

Formannskapet i Radøy kommune rår ifrå at matrikkellova vert endra slik det går fram av høyringsframlegget sendt ut 19.08.2016 frå KMD. Høyringsnotat datert 27.10.2016 er kommunen sitt høyringssvar i saka, saman med saksutgreiinga.

##### **Vedlegg:**

Høyringssvar Radøy kommune\_v27102016  
Høyring - Organisering av eiendomsoppmålinga.  
20160810 Høyringsnotat(378254)(1)